

Direktesending



Budsjettdebatt via pc i dag med ordførar, varaordførar og Bjarne Berge (H)

Uskedalen er eit føredøme med omsyn til
byggjing av omsorgsbustader.
Det gav gruppeleiar i Arbeidarpartiet
Arve Opsanger uttrykk for i budsjettdebatten
i kommunestyret i føremiddag. Han gjekk inn for at eit liknande
prosjekt som Hagetunet vert gjennomført på Husnes,
men presiserte at ein
er avhengig av eit samarbeid med private.



To uskedelingar før budsjettdebatten starta: Arbeidarpartiets Magne Huglen og Jostein Grov . Til høgre partifellem deira Svein Rørvik
 (Foto: Kristian Hus)

Også varaordførar Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp) gav uttrykk for at det må satsast på omsorgsbustader og ein treffstad på Husnes.

Av representantane frå Uskedalen hadde Kjell Yri (V) og Magne Huglen (Ap) ordet i føremiddag. Yri gjekk ut mot Telenor for sviktande reparasjon av nettet og i den generelle debatten gav han uttrykk for at dette var det vanskelegaste budsjettet han hadde vore med på å handsama.

Men han streka under at det er viktig å stå saman og ta ansvaret. Trass i alt er det mange gode saker på budsjettet påpeika Yri, men han trakk fram fleire som beklagelegvis ikkje har fått plass. Ein av dei er kjøp av ny brannbil i Uskedalen.

Huglen var ikkje samd med partiet sitt i eitt og alt. Framfor alt meinte han at kommunen burde ha hatt eigedomsskatt framleis og dermed hatt 12 millionar meir å rutte med. Han spådde underskot i 2012. No blir det reduksjon i løyvingane til skule og omsorg. Yri repliserte at at partia må stå ved nokre av valgløfta men la til at det var mykje godt i innlegget til Huglen.

Huglen var den som la fram saka om eit tverrfagleg prosjekt for utsette grupper og den gjekk samrøystes igjenno. Han understreka at det er eit eitt år langt forprosjekt utan utgifter i første omgang. Han streka under kor viktig det er at dei unge får kontroll på heile døgnet. Fordi dei ikkje har det møtar dei ofte dødstrøytte påskulen, var hans erfaring. Jostein Grov (Ap) og Eskil Moen (Frp) hadde ordet i saka om forlenging av avtala med Kvinnherad Bioenergi.

Også dette kommunestyremøtet vart overført via nettet og kvaliteten på sendinga var betre enn sist, ikkje minst med omsyn til lyset. Likevel er det ikkje tvil om at alternativet som vart forkasta og som TV Sydvest sto bak hadde gjeve ei betre sending både teknisk og journalistisk. Men også det valet hadde noko med kostnad å gjera.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen